



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

REGIONALAVDELINGA
Næringsseksjonen - REG AVD

Adresseliste

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
23. 09. 2014	
Art. nr.	Likhet
14/6722	
Saknr.	Tilgangskode

Dato: 10.09.2014
Vår ref.: 2014/15962-9
Saksbehandlar: jonvoll
Dykkar ref.:

Oppfinnarprisen for Hordaland 2014

Dei siste åra har juryen fått inn mange gode kandidatar til Oppfinnarprisen, og dette er mykje takka vere dykk - våre gode samarbeidspartnarar.

Oppfinnarprisen vert delt ut for å stimulera til auka kreativitet, innovasjon og verdiskaping i fylket. Prisen er eit ledd i å synleggjere det fokuset ein har på satsingsområda entreprenørskap og innovasjon i Hordaland.

Oppfinnarprisen 2014 er på kr. 100.000. I tillegg er det inntil to personar/ miljø som kan få heiderleg omtale.

Hordaland fylkeskommune lyser no ut Oppfinnarprisen for 2014 med søknadsfristen: **onsdag 15. oktober 2014.**

Vi nyttar difor same framgangsmåte som tidlegare, og ber dykk om hjelp til å marknadsføre prisen mot personar, verksemder og miljø i dykkar nettverk som kan vere potensielle kandidatar. Prisen vert delt ut på fylkestinget i desember 2014.

Vedlagt finn de plakatar og visittkort som de kan plassere på strategiske plassar. Ved publisering av sakar på nett, ber vi om at det visast til nettadressa: www.hordaland.no/oppfinnarprisen

Sida Oppfinnarprisen skal stimulera til auka kreativitet, innovasjon og verdiskaping i fylket, vert det vektlagt at søkjar har vilje og evne til å realisere og kommersialisere oppfinninga si. Deltakarar til Oppfinnarprisen for Hordaland skal vere busette, det vil seie ha fast adresse i Hordaland.

Oppfinnarprisen har eksistert sia 1993. Så langt er det berre ei kvinne som har vunne (!) (i 2013, *Quantidoc ved Karin Pittmann og Bjarne Ravnøy, for oppfinninga «Mucosal Mapping», som er ein metode for å slimtesta og måla helsetilstanden til fisk*)

Vi ynskjer igjen at de oppmodar spesielt kvinner og unge om å delta i konkurransen.

Minner om at dersom vinnarane kjem frå dykkar organisasjon eller miljø, er dette svært god marknadsføring for dykk.

For meir informasjon om retningslinjer og påmeldingsskjema sjå:

www.hordaland.no/oppfinnarprisen

Eller kontakt Jon Erik Vollan på tlf: 55 23 94 22 og e-post: jon.erik.vollan@hfk.no

På førehand takk for hjelpa!

Mette Nora Sætre
næringssjef

Jon Erik Vollan
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

- Adresseliste
- Profileringsmateriale

Adresseliste:

Kommunane v/næringsansvarleg

Regionråda

Nyskapingsparken Inkubator, Thormøhlensgt 51, 5006 Bergen

Atheno AS, Postboks 2000, 5409 Stord

Næringshagen på Voss, Magasinvegen 35, 5705 Voss

Nordhordland Næringshage AS, Mastrevik Torg, 5943 Austrheim

Industriutvikling Vest, Litlås 2, 5954 Mongstad

Næringshagen i Odda, Eitrheim, 5750 Odda

Hub Bergen, Holmedalsgården 3, 5003 Bergen

Innovasjon Noreg, Hordaland v/Hanne Wetland, Postboks 7322, 5020 Bergen

Universitetet i Bergen, Postboks 7800, 5020 Bergen

HiB, Senter for Nyskaping, Postboks 7030, 5020 Bergen

Norges Handelshøyskole, Helleveien 30, 5045 Bergen

Bergen teknologioverføring, Thormøhlensgate 51, 5006 Bergen

Connect Vest, Thormøhlensgate 51, 5006 Bergen

Acapo, Postboks 1880 Nordnes, 5817 Bergen.

Christian Michelsen Research AS, Fantoftvegen 38, 5072 Bergen

NHO Hordaland, Veiten 3 Postboks 694 – Sentrum, 5807 BERGEN

LOs distriktskontor i Hordaland v/Roger Pilskog, Folkets Hus, Håkonsgt. 3-5, 5015 Bergen